

## BRUVOLL CAMPING- tilbakemelding frå Ard arealplan 29.04.14

## Tekniske feil og mangler

GENERELT		KOMMENTAR
1.	Det er vist til handbøker for veg i teksten, til dømes til Handbok 017 i pkt 9.6 i planskildringa, men ikkje vist korleis dette er fylgd i planmaterialet. Plankartet har ikkje svingradier og det er ikkje lagt ved tekniske teikningar eller illustrasjonar som syner dette. Planen gjer ikkje greie for stigning på veg og gangareal.	Plankartet syner korleis Handbok 017 er fylgt. Det er no lagt inn svingradier i plankartet. Vi minnar om at det her er snakk om eksisterande vegar, noko som er kommentert under 9.6.
2.	Det er ikkje vist detaljar for til dømes tilpassing til sideområde langsmed veg eller kva type inngrep ein vil kunne opne for i areal for anna veggrunn.	Igjen: det er her snakk om eksisterande vegar. Vi heldt på med ein plansak og ikkje med prosjektering. Under punkt 8.8 er bruk av AVG kommentert. I planføresegnene er det tatt inn at AVG også er for overvatn.
3.	Planområdet manglar løysing for renovasjon og dokumenterer ikkje at tilkomst for lastebil - til dømes bossbil og brannbil - er mogeleg i planområdet. Dette har og samband med svingradier og kurveutvidingar på vegareal.	Igjen: det er eksisterande drift for campingplass i området der renovasjon er ein del av drifta. Renovasjon vert som i dag innanfor det eksisterande bygget i C02. Det er no teikna inn snuhammar her som syner korleis t.d. bossbil kan snu.
4.	Nemning på vegareal er inkonsekvent i alle plandokumenta. Nokre nemningar påpeikar offentleg eigarskap (o_), andre felles/privat (f_), og nokre nemningar på vegareal manglar tilknytning til eigarskap.	Nemningar er rett. Her har vi skilt mellom dei vegar som er knytt til sjølve campingplassen og dei vegar som er felles for alle i området. Dette er allereie omtalt under punkt 8.8. Eigarform <i>felles</i> skal berre nyttast der det skal vere eit fellesareal for fleire eigedomar. Vi ser ikkje at det er naudsynt å endre noko her.
5.	ROS - analysen har avdekka 3 mulige risikoer, men analysen bør vere tydeligare på avbøtande tiltak og som vil redusere risikoen til eit akseptabelt nivå. Dette gjelder spesielt tilhøve knytt til brannsikkerheit og vann og avløp.	Vi vurderer at risikoen er så liten for ras at vi har nedgradert denne til grøn i punkt 2 då dette tydeligvis kan mistolkast sjølv om det aktuelle problemet er kommentert utan farge i punkt 13 og 14. Med grøn farge og utan farge er det ikkje trong for avbøtande tiltak. Når det gjeldt brann vil dette stettast gjennom 8 meters grense mellom bygg/campingvogner slik det er i dag. Det er tilstrekkeleg sløkkevatn i området. Når det gjeld skogbrann reknar vi med at den som eig skogen har interesse for å drifte denne og hindre at denne vert ein brannfelle. Nærleiken til vatn er her eit føremon. Jf. Tilstrekkeleg sløkkevatn. Vasskvaliteten som er det siste punktet som er omtalt har tilstrekkeleg omtale etter vårt syn. Det er ikkje vår tiltakshavar som står for forureininga.
6.	ROS - analysen syner også til at det er knytt risiko til det bratte terrenget bak/ utanfor planområdet i aust. Kva for risikoreduserande tiltak må utførast for å risikoen skal kome på eit akseptabelt nivå?	Er svart på i punkt 5.
<b>PLANSKILDRING</b>		
7.	Planen viser til reglane om universell utforming men det er ikkje forklart kvar eller korleis dette skal løysast innanfor planområdet. Utgreiing av stigningstilhøve på veg- og gangareal manglar.	Tiltakshavar er rullestolbrukar i dag. Det er ikkje presisert i planskildringa då det ikkje høyrer heime her. Men det er eit faktum, og er noko som dannar bakteppet til kommentaren i punkt 8.5. Problemet er altså løyst i dag. Det er igjen snakk om eksisterande vegar og det er difor ikkje trong for vidare utgreiing for stigningstilhøva. Nybygg/nyetablering vil etablerast etter prinsippet om UU og er tilstrekkeleg heimla i § 2.5.
8.	Tilhøve for tilkomstvegen må utgreiast betre. Planen legg opp til uendra vegareal innanfor planområdet, men gjer ikkje greie for om	Meir tekst under punkt 8.8.

	eksisterande trafikktryggleik er tilfredsstillande løyst.	
9.	Tekst om at parkeringsplass PP02 er felles manglar i planskildringa under kap 8.8	PP02 er privat parkeringsplass for drifta av campingplassen og skal ikkje ha nemning. Sjå elles under punkt 4 over her.
10.	I tabell 8.3 manglar prefiks f_ for PP02.	Er no tatt ut. Sjå i punkt. 9
11.	Tydligare omtale av eksisterande vann og avlaup løysingar i planområdet. Kor ligg den kommunale vassledningen. Kva er kapasiteten på denne? Det er private VA-løysingar i området kor ligg desse og kva er kapasiteten på desse?	Meir opplysningar finn ein under kap. 9.13.
12.	Skal det etablerast hytte eller campingvogner? Har desse dei same krava knytt til avstandskrav, brannsikkerheit. Dette vil få konsekvensar for kapasiteten på eit eventuelt minirensaneanlegg.	Svaret finn ein i § 3.2.1. Begge er mogleg. Punkt feste gjev moglegheit til å plassere det som er ynskt på ein fornuftig måte med tilstrekkeleg avstand i hht til pbl. . Sjå elles svar i kap. 9.13.
13.	Landbruk er ikkje omtale i planframlegget.	Er allereie svart på under kap. 9.9.
<b>FØRESEGNER</b>		
14.	Føresegn §2.3.2, 2.3.3 og 2.3.4 er ikkje forma som rekkefølgekrav.	Kommentaren er rett og føresegner er no flytta til nytt punkt § 2.7.
15.	Det er ikkje dokumentert snumogelegheiter for lastebil eller andre større køyretøy inne på campingplassen og heller ikkje sett krav til snumogelegheit i føresegnene.	Det er no lagt inn snuhammar ved servicebygget i C02. Det er også tatt inn ei føresegn i § 4.1.15.
16.	§ 4.3.1 opnar ikkje for noko form for tiltak langsmed veg i annan vegggrunn. I tillegg er § 2.4.2 til hinder for at luftstrekk skal nyttast til dømes for straumforsyning. Om kablar skal kunne oppgraderast eller leggest nye i planområdet i framtida må desse føresegna setjast meir i samband slik at ei ikkje motverkar kvarandre.	§ 4.3.1 er utvida til å omfatte overvatn og straum med denne teksten: for mellom anna overvatn og straum.
18.	I føresegn § 7.2.1 står det at det i område C03 skal settast opp støyskjerm langs fylkesveg Fv 57 i samband med etablering av nye campinghytter. Det må knytast rekkjefylgje krav til dette.	Rekkefølgekrav 2.3.2 om støyskjerm er tatt inn. Dermed er 3.2.3 overflødig.
<b>PLANKART</b>		
19.	Område for renovasjon manglar. Kor stort areal skal dette vere ?	Området for renovasjon ligg ved snuhammar i dag.
20.	Svingradier i kryss og avkøyningar må synast på plankartet.	OK.
21.	Plankartet dokumenterer ikkje snumogelegheit for større køyretøy som til dømes bossbil og brannbil.	Snuhammar er lagt inn.
22.	Alle plandokument må ha same dato og namn.	OK.
23.	Grad av utnytting må synast for alle byggjeføremål (i samsvar med Miljøverndepartementet sin rettleiar om grad av utnytting). Områda for campingplass manglar grad av utnytting.	OK.
24.	Sikringsgrense (som definerer frisktsonene) manglar i eiknforklaringa.	Ligg rundt sonene.
25.	Veg- og stadsnamn utanfor planområdet må påførast for lokalisera planen. Stadsnamn skal skrivast iht lov om stadnamn. Ser det er påført, men skrifta er vanskeleg å sjå slik den er plassert no.	OK.
26.	Linje for eigedomsgrense i teiknforklaring må vera lik linje eigedomsgrense i basiskartet.	OK.
27.	Parkeringsplass PP02 manglar nemning for eigarskap.	Skal vere privat. Sjå punkt. 4. Er retta i føresegnene.
<b>GENERELT - tilrådingar</b>		
28.	Tilhøva VA - rammeplan må vurderast betre. Ein lyt vurdere om ein burde kople seg til offentleg vann og avlaupsledning (borrehol med selvføll dersom det er i nærleiken i staden for etablering av minirensaneanlegg ). Dersom det skal etablerast privat minirensaneanlegg må gjerast ein rekke avklaringar i høve til kor mange som skal koble	Dette takast i VA-rammeplan før slutthandsaming av planen. Ytterlegare utgreiing under i prosessen syner at det ikkje er trong for å ein rammeplan før offentleg ettersyn. Sjå punkt 11. og planskildring.

	seg på, godkjenning av kommunen , plassering og drift osv.	
	Det bør vurderes om at rekkefølgekrav § 2.3.1 som omhandlar VA - Rammeplan bør takast vekk og at VA- rammeplan skal levarast til 1. gongs handsaming istadenfor før det vert gjeve byggeløyve. Kor mange skal vere tilkopla minirensanlegget? I planbeskrivelsen legges det til rette for at det både kan etablerast campingvogner og utleigecampinghytter . I føresegn § 2.3.3 står det at utleiehyttene skal koplast til avløpsnett dersom det vert innlagt vatn i hyttene . I føresegn § 2.3.4 campingvogner ikkje skal ha innlagt vatn og avlaupsrør. Kva har dette og seie for kapasiteten og dimensjoneringa for det private rensanlegget .	Sjå svar over. Campinghytter vil vere tilkopla avlaupsnett. Campingvogner vil ikkje vere tilkopla avlaupsnett.  Kapasiteten er svart på i planframlegget.
<b>FØRESEGN</b>		
29.	Føresegn §3.2: tekst om at det skal leggjast vekt på brannførebyggjande tiltak i samband med drifta av campingplassen bør leggjast inn	Nytt punkt 3.2.4.
30.	Føresegn §3.2: det bør leggjast føringar for maks størrelse på utleiehytter og servicebygg/ evt %BYA	Det er tatt inn % BYA i plankartet. Føresegner seier noko om storleik på utleiehytter.
31.	Føresegn §3.2: Minsteavstand mellom kvar campingeining bør definerast (dette på grunn av brannsikkerheit)	Her føl ein pbl. Med 8 meter.
<b>PLANKART</b>		
32.	Kryssområde mellom o_KV02 og f_KV04 og o_PP01 er teikna noko utflytande mellom anna på grunn av breidde på avkøyring til parkeringsplassen ut i krysset. Ei oppstramming ville vere ynskjeleg meir i tråd med normkrav til kryssutforming etter Statens Vegvesen si handbok 017.	Krysset er stramma noko inn i høve til eksisterande tilhøve. Vi meiner planen kan leggst ut som framlegget viser - så ser ein kva SVV seier etterpå.
33.	Gnr/bnr i basiskartet bør nokon stadar flyttast for å gjera teksten enklare å lesa	OK.
34.	Dimensjonar for frisikt bør synast for kvar enkelt frisiktsone.	Det er gjort for krysset - ikkje alle småvegar.